

Bokn Bygdablad

Nr. 5 juni 2014 – Årg. 29



Jonsok i vinden – s. 5



Hørsel i vinden – s. 3



T/B Bokn – s. 6



Am. fotball i skotet – s. 15



www.bygdabladet.no

KJEKT PÅ **BOKN**





Kjære sambygding!

Rogfast-trasè vedtatt

Den 24. juni vedtok kommunestyret i Bokn i eit ekstraordinært møte samrøystes planprogrammet for Rogfast. Med det godkjende det den endelege trasèen for Rogfast frå Lauplandsvågen til Knarholmen. Samstundes vedtok dei også ein samarbeidsavtale mellom Bokn kommune og Statens vegvesen.

Kommunestyret blei kjend med tilrådinga frå prosjektleiinga om ny trasè våren 2014, og formannskapet sette då ned eit arbeidsutval som skal jobbe opp mot Rogfast-prosjektet. Frå Bokn kommune meinte ein at trasèalternativet til Statens vegvesen ville gje mest konflikter, særleg med omsyn til naturmiljø- og kulturminner. Gjennom heile juni månad har Bokn-politikarane jobba med denne saka.

Det er ein god og nær kontakt mellom Rogfastutvalet og Rogfast-prosjektleiinga. Dialogen opna dører mellom Bokn kommune og vegstyresmaktene i den kanskje største og viktigaste saka ein har hatt i Bokn og Rogaland sidan bruopninga. Forhandlingane førde til ein 13. punkts avtale som inneheld mange kompenaserande tiltak.

Det viktigaste med avtalen er:

- å få til ei samfunnsmessig god utnytting av overskotsmassane
- at Statens vegvesen forpliktar seg til å bidra økonomisk i arbeidet med reguleringsplanar for deponering av tunnelmassane.
- at Statens vegvesen forpliktar seg til å transportera og planera tun-



Kommunestyret på Rogfastsynfaring. Her ved det framtidige tunnelpåhogget på Laupland.

nelmassar til Bokn kommune sine utfyllingsområde.

- at Bokn kommune tar over eigarrettane til massane etter at drivinga av tunnelane er avslutta – noko som vil representera store verdier for kommunen.
- at Statens vegvesen tek på seg å bygga ein beredskaps- og brannstasjon knytt til tunnelinnslaget på Laupland.
- at i samsvar med ein analyse av brann- og beredskapsmessige forhold vil Statens vegvesen måtta ta kostnadane med innkjøp av naudsynt utstyr, brannbil og liknande.
- at kostnadane ved ei eventuell utviding av kapasitet og framføring av vassleidningsnettet i anleggsperioden vil bli dekkja av vegstyresmaktene.
- at på grunn av auka trafikk på delar av lokalvegnettet i Bokn, skal Statens vegvesen gjennomføra naudsynte utbetringstiltak på vegane i bygda.

Bokn-politikarane har her tatt samfunnsoppdraget på alvor med omsyn til å ivareta bygda på ein best mogleg måte. Samstundes er det knytt mykje prestisje og forventningar til prosjektet, og storsamfunnet er oppteke av – naturleg nok – at tidsplanane held. Bokn-politikarane har tatt inn over seg det nasjonale og regionale alvorret som ligg bak det største løftet innan samferdslesektoren i moderne tid.

Rogfast, som nå er kostnadsberekna til 13,8 milliardar kroner, er det fyrste steget i arbeidet med å knyte Vestlandet saman med ein ferjefri kyststamveg mellom Kristiansand og Trondheim. Med kommunestyret sitt vedtak jonsokaftan har ein løyst ei krevjande sak på ein god måte, der ein har teke i vare omsynet til både lokale og nasjonale interesser, samstundes som ein sikrar framdrifta i prosjektet.

Eg vil ynskja alle lesarane av Bokn Bygdablad ein sol- og innhaldsrik sommar!

Ordføraren

Høyrsele i vinden

Jardar Havikbotn

19. juni hadde HLF Tysv er og Bokn stand ved Coop Marked Bokn. Bakgrunnen var at i 2020 vil ein million nordmenn vera h yrseleshemma, og HLF (H rselshemmedes Landsforbund) hadde i juni ein nasjonal kampanje, «Hvert  re teller».

I fem timar stod medlemmar av lokalaget ute i nordavindskuling og tilbaud folk gratis h yrselestest samt informasjon om h yrsele, h yrseleshemming, tinnitus og f rebyggjing av h yrselesskader. Akسدals-senteret hadde hatt bes k av dei nokre dagar f r, og dagen etterp  skulle dei til Nedstrand.

Ikkje lenge f r dei skulle slutta av kom varaordf rar Lars Norekv l og stilte sporty opp p  ein h yrselestest i "kj leskapet" som dei kalla det. Lars var ikkje representativ for dei som hadde tatt denne (12 stk. f r han). Han var for ung og h yrde for godt. Leiar i HLF Tysv er og Bokn, Anne Grete Stake, fortalde at dei fleste som hadde vore innom standen hadde mistanke om h yrselestap, og dei med store avvik var blitt oppfordra til   ta kontakt med fastlegen sin, for s    sannsynlegvis bli henvist til spesialist. Trass i ein del vind og st y inne i boksen blei testane gjennomf rte p  ein tilfredsstillande m te. Lokallagsleiaren legg til at det ikkje er alle som vil innr mme at dei h yrer d rleg, og at dei var n gde med oppm tet.

Livskvalitet

- Det er viktig at folk som f r p vist h rselshemming f r venna seg til h yreapparat s  raskt som muleg, for   hindra at vedkommande trekker seg tilbake og begynner   isolera seg, seier Jan Ottar Eriksen, som ogs  er han som les av og tolkar skjemaene etter kvar h rselstest. Alle er samde om at



Nordavinden sneik seg rundt s reveggen til Coop Marked Bokn, og styremedlem Knut Gunnar Mikkelsen (tv.) m tte skjerma for sol og vind d  leiar av HLF Tysv er og Bokn, Anne Grete Stake, tok h rselstest p  varaordf rar Lars Norekv l. Til h gre Jan Ottar Eriksen.

dette handlar om livskvalitet. Samtalen dreidde inn p  lesarinnlegget til Solveig og Leiv V ga om "den usynlege funksjonshemminga" i f rre bygdeblad, som alle p  standen hadde lese. D  eg kunne fortella om raske og positive reaksjonar, b de fr  politikarar og kommuneadministrasjon og om bestilling av teleslynger til skulen berre nokre dagar etter at innlegget stod p  trykk, blei dei mektig imponerte og smilte om kapp.

- Ja, det m  me s rga for   f  gjort, skyt varaordf raren inn.

Alle var ogs  einige om at slike innlegg ofte minner oss om det som eigentleg er ei sj lvf lge. Krava i universell utforming p legger ogs  slik tilrettelegging i alle offentlege bygg.

H rsel seglar opp som den nye store folkehelseutfordringa i Noreg. HLF har 200 lokallag rundt om i landet. HLF Tysv er og Bokn består av frivillige som gjer ein kjempeinnsats for

h rselsaka i n rmilj et v rt. I septemsel skal dei ha ny stand p  Akسدals-senteret.



Leiar av HLF Tysv er og Bokn, Anne Grete Stake, har gjort varaordf rar, Lars Norekv l, klar til h rselstest. Han var nr. 13 av dei som tok ein slik test under standen «Hvert  re teller».

BOKN SPAREBANK

SERIE AV BIRGER LINDANGER

Bokn Sparebank

Den 1. juni blei Bokn Sparebank, sidan SR-Bank Rogaland, Bokn, offer for den altomfattande sentraliseringa. Post, buss, boss, butikk og lakseoppdrett gjekk føre, nå før også banken or bygda. Denne dagen blei dørene til boknabanken stengd for godt, tida er inne til å minnst. Koss starta det heile, kva betydde banken for bygda?

Kvar bygd sin bank?

Sist på 1800-talet skulle kva kommune med respekt for seg sjølv ha eigen sparebank. Finnøy starta bank alt i 1852 og to år etter dukka det opp bankar både på Rennesøy og i Kopervik, begge blei mykje nytta av boknarane. Såleis starta boknarane – saman med folk frå Stangaland, Åkra og Avaldsnes – Kopervik Sparebank ved å kjøpa grunnfondsbevis.

I 1866 fekk Kopervik ladestadsrettar og banken utvikla seg stadig meir som ein lokal bank bare for Kopervik understreka ved nye vedtekter i 1893. I Bokn, på Åkra og i Avaldsnes ville dei difor ut av banken ved at han løyste ut grunnfondsinnskota deira. Den 3. mars 1894 blei det kalla inn til møte der Jakob Torland og Lars Kro møtte på vegne av boknarane. Det enda med at Bokn og Åkra vedtok å trekkja seg or banken, eit vedtak som blei stadfesta av kommunestyret den 15.mai same året.

Det var nå meininga at dei kr. 7.734,76 – tilsvarande ein halv million i 2014 - i bankfondet skulle betalast tilbake til Bokn. Men Finansde-

Kroken på døra - tid for å minnst

partementet melde då frå at det bare var høve til å ta ut kr. 3.000,-. Pengane let likevel kommunen stå i banken mot rente til dess ein fekk bestemt seg for kvar dei skulle plasserast vidare.

Venstre vil ha bank

Mange boknarar hadde då lenge ynskt seg sin eigen bank, ikkje minst etter den store konkursen midt på 1870-talet. Mange gardar var tungt pantsette i rennesøybanken. Og då banken valde å løysa inn panta, blei folk i flokk og fylgje jaga frå gard og grunn – særleg på Austre Bokn.



Bokn Sparebank, 1955

I 1884 blei Venstre skipa som Noregs fyrste parti. Alt året etter var det på plass ei venstreforeining i Bokn. Ei hovudsak for partilaget var å skipa ein sparebank i bygda og den 9.juli 1887 inviterte *Bokn Venstreforeining* inn til møte om saka. Det munna ut i ei oppmoding til kommunestyret om å ta initiativ til ein sparebank for bygda.

Dette var ei så viktig og spesiell sak at kommunestyret i staden for å gjera eit vedtak sjølv, kalla inn til allmannamøte på Håland den 20. august same året for at boknarar flest skulle få uttala seg. Noko gjekk galt på dette møtet, for heile initiativet rann ut i sanden. Slik ebba dette fyrste initiativet for å skaffa bygda bank, ut. Det skulle gå 25 år til neste forsøk.

Kan bygdemagasinet bli bank?

Under napoleonskrigane var landet plaga av både uår og blokade. Dessutan var kornprisane så høge at bok-

narane selde av såkornet. For å sikra at det alltid var nok såkorn, etablerte Skudenes prestegjeld eit stort, offentleg kornmagasin.

Når folk så betalte tilbake til bygdemagasinet som det blei kalla, laut dei også leggja til renter i form av meir korn. Med det vaks magasinet gradvis slik at dei i 1838 blei taksert til åtte tonn korn – og det bare vaks på.

I fylket elles var det bare to til slike magasin.

Etter 1850 då Bokn blei eigen kommune, beholdt dei Bygdemagasinet som felleseige saman med resten Skudenes prestegjeld fram til i desember 1873. Då blei det delt og Bokn sin part blei deponert på lager hjå Tollak Boknaberg. Året etter blei kornet flytta til Ole Laupland som også fekk ansvaret for utlånsverksemda etter dei same vilkåra som før. Renta var fem kilo korn årleg for kvar 64 kilo ein lånte, altså nær 8 %. Den kommunale rekneskapsføraren heldt rekneskap med magasinet.

I Skudenes la dei ned sitt kornmagasin i februar 1875. Dei 22 tonna

det var på blei seld og pengane gjekk inn som grunnfond i den nyskipa sparebanken der. Denne tanken smitta også til Bokn, men tidene var elendige. Sildefisket svikta, silde-salteria sto tomme og ubrukte og mange som hadde satsa på skipsfart, hadde lidd svære tap. Difor beheld boknarane kornmagasinet ennå ei tid og let seg altså ikkje lokka heller i 1887.

Korn blir til veg

Men 1890-åra blei ein særskild aktiv periode i Bokn med både skule- og vegbygging. Då kom politikarane i tankar om at ein kunne bruka bygdemagasinet. I oktober 1896 gjorde så kommunestyret eit samrøystes vedtak om å leggja med bygdemagasinet

da det i lengere tid har vist sig at den ikkje synderlig benyttes. Ved dei tider var det plassert hjå Kristoffer Vatnaland. Den 27. august 1898 blei bygdemagasinet så formelt nedlagt. Samstundes gav fogden i Ryfylke løyve til å bruka midla som blei utløyste til vegbygging i bygda. Slik blei det siste bygdemagasinet i Rogaland nedlagt.

Også midla som var løyste ut frå Korpervik Sparebank var tenkt som eit grunnfond for ein eigen sparebank i Bokn. Men kring i heile bygda blei det reist sterke vegkrav. I august 1896 gjekk difor også desse midla til vegbygging.

Framhald i neste utgåve.

Jonsok i vinden

Jan Magne Moi

Tradisjonell feiring av Jonsok på Bokn.

Speidarane inviterte til bål og samling på nærmiljøanlegget. Her var grillane varme og Svanhild var på plass med sal av lappar, kaffe og det som hørde til. 170 var samla til koseleg samling i solfylte bakkar. Kyrkjevevja hadde med ein flokk speidarar i fleire generasjonar for å understreke viktighet av at innhaldet i speidarlova og evangeliet vert delt vidare frå generasjon til generasjon. Dette vart illustrert med at stjerneskudd tente stjerneskudd frå gamal til ung.

Bålet måtte ikkje vere for stort i nordavinden, då det var svært tørt. Med det var profesjonelt tillaga med lite gneistar når flammene låg vassrett bortetter.

Takk til speidarane som igjen inviterte til fellessamling.



T/B «Bokn» - ny taubåt på Kårstø

Kyrre Lindanger

I juni blei T/B «Bokn» overlevert frå Sanmar Denizcilik AS i Tyrkia til rederiet Buksør og Berging AS og satt i drift ved Kårstø gass-terminal. Syster-skipet T/B «Borgøy» blei levert 14. januar og var verdas fyrste taubåt med gassdrift.

Rederiet har tradisjon for å bruke namn som byrjar med «B» og difor var det hyggeleg at namnet «Bokn» igjen blei tatt i bruk. Sist namnet



T/B «Bokn» - her ved taubåtbasen på Kårstø. Systerskipet «Borgøy» ligg ved sida.

«Bokn» blei seld og skipet skifta namn.

Viktig supplement til lokal beredskap

Byggekontrakten for dei to taubåtene blei inngått i januar 2012 etter at Statoil tildelte Buksør og Berging kontrakten for to eksortefartøy til prosessanlegget på Kårstø. Østensjø Rederi har dei siste 28 åra vore leverandør av taubåttenesta ved Kårstø. Den nye kontrakten kravde to nye taubåtar

Statoil Kårstø er ein del av den interkommunale beredskapen mot akutt forureining på sjø og land, og dei nye skipa vil vera eit viktig supplement viss ulukka er ute langs kystlinja til Bokn og nærområda våre. Med fast base i hamna straks sør for Frekasund brua, vil taubåt ved behov kunne vera på plass etter kort tid.

Dei nye båtane er utrusta med siste teknologi innan oljevernustyr og har også installert eit omfattande brannsløkkjesystem. T/B «Bokn» har montert dekkskran og ein 250 tonns tauevinsj – noko som gir god kapasitet på nødslep. Med Karmsundet, som Noregs mest trafikkerte skipsled, i nabolaget, ferjetrafikk på Boknafjorden og 700 skipsanløp til Kårstø kvart år, bidrar dei nye taubåtene til tryggleik i forhold til den lokale beredskapen.



Skipper Olav Knutsen frå Karmøy ved spakene på verdas fyrste gassdrivne taubåt.

prega baugen på eit skip, var då bilferja M/F «Bokn», populært kalla «Gullhøna», trafikkerte ferjestrekket Kopervik-Føresvik-Austre Bokn. Ferjestrekket blei nedlagt i 1991 då Bokn fekk fastlandssamband og M/F


bygd med den nyaste teknologien som er tilgjengeleg og flytande naturgass (LNG) som drivstoff. Kontrakten med Statoil er for ti år, med opsjon på ti ekstra år, og har ein verdi på rundt 900 millionar kroner.

Bokn Bygdablad for 20 år sidan FRÅ NR. 5 1994

REGULERINGSPLAN FOR ØYREN

Gir plass for 25 bustader

I desse dagar behandlar bygningsrådet i Bokn forslag til reguleringsplan for Øyrenområdet på Austre Bokn. Planen omfattar eit område som er avsett til bustadføremål i kommunedelplanen for Alvestad - Are.



I tillegg til 25 bustader er det i reguleringsplanen lagd inn område for campingplass og nausthytter. Desse reguleringsføremåla er tatt inn etter ynskje frå grunneigarane. I tillegg er det forslag om å bevara eksisterande gardstun.

Elles er planområdet utvida med eit areal på nordsida av riksvegen med småbåthamn og nausthytter.

Kulturkalenderen

Juli

- 12. Marknadsdag kl. 11-15 - ute-dans om kvelden - **sjå s. 11, 13 og 21**
- 13. Gudsteneste kl. 13.00

August

- 03. Gudsteneste kl. 11.00
- 17. Gudsteneste kl. 11.00
- 18. Oppstart, Bokn musikkorps
- 22. Kino i Auditoriet
- 24. Bingo kl. 19.00 - arr. Bokn musikkorps
- 31. Gudsteneste kl. 11.00 - konfirmantpres. + 50 års konfirmantar

September

- 05. Kino i Auditoriet
- 14. Gudsteneste kl. 11.00
- 19. Kino i Auditoriet
- 21. Bingo kl. 16.00 - arr. Bokn musikkorps
- 28. Gudsteneste kl. 11.00 - hausttakkefest + 2. kl.

Oktober

- 03. Kino i Auditoriet
- Veke 41 Haustferie, Bokn skule
- 12. Gudsteneste kl. 11.00
- 17. Kino i Auditoriet
- 25. Auksjon - arr. Bokn musikkorps
- 26. Gudsteneste kl. 11.00
- 31. Kino i Auditoriet

November

- 02. Gudsteneste kl. 11.00 - Allehelgenssundag
- 22. Kino i Auditoriet
- 23. Bingo kl. 19.00 - arr. Bokn musikkorps
- 16. Gudsteneste kl. 15.00
- 28. Kino i Auditoriet
- 30. Gudsteneste kl. 18.00 - Lysmesse, speidarane

Desember

- 12. Kino i Auditoriet
- 14. Gudsteneste kl. 11.00
- 14. Luciafest - arr. Bokn musikkorps
- 24. Gudsteneste kl. 14.00
- 26. Gudsteneste kl. 11.00
- 31. Gudsteneste kl. 16.00

Kommunen informerer

Ferie- avviklingar

Bokn legekontor

Legekontoret har sommarstengt frå og med torsdag 24/7 til og med 11/8. Kontoret vil vere åpent som vanleg men utan lege i tidsrommet 12-17/8.

Ring **Bokn legevakt tlf 52 74 85 22** ved behov for akutt legehjelp i dette tidsrommet.

Vi ber alle som treng fornying av reseptar, vaksinar m.m om å ta kontakt i god tid før vi stenger for sommaren.

Bokn helsestasjon

Helsestasjonen held stengt i veke 30-31-32. Jordmor er tilgjengeleg måndag 28. juli.

NAV Bokn

I veke 31 vil Nav-kontoret vera stengt. Det vil kun vera anled-

ning å søka om naudhjelp. Brukar kontaktar då servicetorget i kommunen. Ved andre henvendelsar, kontakt NAV kontakt-Senter på tlf. 55553333 eller NAV Tysvær.

Bokn tannklinikk

Klinikken er stengt i veke 27 t.o.m. veke 33. Ved behov for akutt hjelp, ta kontakt med **Tysvær tannklinikk, tlf. 52 75 45 20.**

Med båt til Bokn

Båtar i rute frå hjuldamparen Ryfylke til bilferja Boknafjord

Listerskøyta Duen

Sigval i Straumen

Dei fyrste som dreiv handel i Sunnlandsstraumen, var Erik og Dina Loten. Kring 1900 fanst det butikkar både i Føresvik og i Alvestadkroken. Men mila frå Loden og inn til krambuene blei dryg i til dels veglaust terreng. For mange i Hognalandkrinsen gjekk mest heile dagen med

tok broren Sigval og kona Dina over. Erik og Dina dreiv sidan heimegarden på Loden før dei i 1927 utvandra til USA. Då tok Sigval også over bruket på Loden.

Motorbåten *Simonsen*

Ei utfordring var å få varene til butikken, langt og veglaust som det var til Føresvik dei fyrste åra. Dei fekk seg difor ein motorbåt, *Simonsen* kalla dei han, som dei gjekk til Kopervik og

til hjelp at boknaren, Sjur Grønnestad, var båtsmann om bord.

Duen

Motorbåten blei i 1920 skifta ut med den 35 fot store listerskøyta *Duen*. Skøyta blei driven av ein 12-14 hestars *Levhan*-motor som i 1935 blei skifta ut med ein 12-18 hk. *Rap*-motor. Båten var bygd på Lista ein gong sist på 1800-talet og hadde mast som kunne leggjast ned.



"Duen" kjem med varer frå Kopervik kring 1929.

om ein hadde ærend inn til Kyrkjebygda. Difor var det alt på 1800-talet var freistnadar på å starta butikk på Jøsen.

Meir permanent blei det frå 1909 då Erik og Dina starta opp straks etter at dei hadde sikra seg tomt her nett sør for brua over Straumen. Dei dreiv handel her nokre år, men alt i 1912

henta varer med. Dei tok også passasjerar om det var boknarar som trong ein tripp til Kopervik.

Sigval ordna også med at gamle *Rogaland*, eller *Kvitsøy* som han heitte seinare, gjekk innom Grønnestadvågen. Denne båten gjekk elles i rute for DSD mellom Stavanger, Kvitsøy og Skudeneshavn. Dessutan var det

Sigval sytte likevel for at den gamle, faste brua over Sunnlandsstraumen blei skifta ut med ei vippebru. Frå huset gjekk det ein landgang over til steinborga ved kanalen og som dei frakta varene over på.

Den fyrste krambua sto kloss i vegen, men blei sidan flytta ned til kaien. Attåt blei det også sett opp eit sjøhus

der det blei seld ved og tønneband. Dessutan var det her også lager for kraftfôr. Ein annan viktig funksjon var dessutan at dei hadde eggemottak og mottak av hummar i butikken. Noko som også trekte folk, var at det her var den einaste telefonen i den søre delen av Bokn.

Etter at vegen kom i 1923, kom folk mest med hest og kjerre. Men for mange var det enklast å gå i båt slik dei gjorde frå Are og Hognaland. I kalde vintrar kunne dei jamvel gå over isen frå Hognaland og Are.

Ein gong vinteren 1933 låg det ei tynn issørpe ut sundet og sørover til Kjønna. Sjølv om ikkje skøyta hadde koparhud, gjekk Sigval utover sundet med henne. Men isen skar seg gjennom treverket, og skøyta tok til å ta inn vatn. Sigval greidde med nauda å kara seg heim att, og same våren fekk skøyta ishud.

Med Duen til by'n: nogen blei sjuge og nogen blei redde.

Den store handledagen, då kom Sigval med skøyta frå Kopervik. Som regel frakta han også med seg passasjerar attåt varene. Det var fast rutetid: Frå Sunnlandsstraumen klokka 10 og tilbake frå Kopervik klokka 15.

Stundom laut han også til Stavanger med dyr og folk og heim att med varer. Også då tok han passasjerar – det kosta to kroner tur-retur, det halve av nattrutu. Når han gjekk til Stavanger, kunne han ha rommet fullt med både sauer og lam medan det sto kyr på dekket. Attåt fylgde det det med åtte – ti passasjerar. I ringt vêr kunne det bli dramatisk.

Ein gong kom ein eldre kar frå Are med ei ku han ville ha med til Stavanger. Men han fekk til svar at sjøen var for grov, dei ville ikkje ha med ku i slikt vêr. Men bonden insisterte, og kua blei leidd om bord og plassert ved styrehuset.

Då dei kom på sjøen, blei karen frå Are særst sjøsjuk og såg ikkje etter kua. Østen Hognaland sto til rors, men sprang fram og ville ha han til å

sjå til kua si, ho hadde lagt seg ned. Karen frå Are kom då med, men då han kom akter gav han grovt hals – og der gjekk gebisset hans til havs. Det blei helst ein kostbar tur, meinte han sidan.

Dei som budde *udigjønå* brukte i det heile lite Natrutu. Skulle ein fylgja henne til Stavanger, laut ein gå frå Straumen i fem-tida om morgonen og så betala fire kroner kvar veg. Attåt å fylgja Sigval, var det også vanleg å få skyss med fiskeskøytene. I ringt vêr kunne det vera så forskjellig: *Der hadde de krettur oppå dekket og folkjå sat neri lugarane, så nogen blei sjuge og nogen blei redde. Og sauene skreik i rommet og kydnå remja på dekket og.*

Attåt å frakta varer og passasjerar til og frå Straumen, blei skøyta sjølv sagt også nytta til fiske, og kunne romma ca. 70 mål – 350 hl. -sild.

Etter at Sigval døydde i 1953, 78 år gammel, blei *Duen* seld til Ingolf Våga i Fosen.

Gavedryss

May Jorunn Vatnaland

Gjennom generasjoner har SpareBank 1 SR-Bank bygget opp verdier som har bidratt til trivsel, vekst og ny verdiskaping for mennesker i regionen.

Sparebankstiftelsen SR-Bank er bankens største eier.

Stiftelsen kan disponere av overskuddet og i tråd med sparebanktradisjoner utdele gaver til allmenntilgittige formål i regionene Agder, Rogaland og Hordaland.

Av tildeling våren 2014 på kr. 525.000,- gikk kr 95.000,- til Bokn.

75.000,- til Bokn Idrettslag øremerket kunstgrasbane på Fyren.

20.000,- til Bokn Musikkorps til nye instrumenter.



FORNØYD: fv. Erik Våga, Lillian Grønnestad og Trond Vatnaland.

Det er fantastisk kjekt å få være med å dele ut disse midlene to ganger i året.

Høstens søknadsrunde er fra 19. august med søknadsfrist 19. september. Prioriterte formål er samfunnsikkerhet, oppvekstmiljø og friluftsliv.

Stiftelsen ser etter tydelige prosjekter som kommer mange til gode. Gaver gis ikke til enkeltpersoner. Prosjekter som utløser betydelig egeninnsats og støtte fra andre prioriteres.

Lag og foreninger oppfordres herved til å søke.

Mange tok søndagsturen til Oksebåsen

Reidar Alvestad

35 personar tok oppfordringa frå Bokn historielag, og blei med til Oksebåsen den 15. juni. Sola skein, og den friske vinden frå nordvest laga skum på bølgetoppene for dei som kom med båt. Men det var ikkje mange. Dei fleste gjekk stien frå Kråkevågen til Oksebåsen.

Historia om Oksebåsen

Det er ei spesiell stemning i tunet på Oksebåsen mellom hus/løe og dei andre småbygga. Staden ligg i ein dal omkransa av små fjell omkring. Det er hamn og brygge både i sør og i nord. Dalen ligg så lågt i terrenget at i flo og uver kan bølgene skylla innover.

Dagfinn Jørgensen er nåverande eigar av Oksebåsen. Dagfinn er barnebarn av Berta og Sivert Jørgensen. Far hans og 3 systre var fødde og oppvaksne på småbruket. Dei hadde også ein bror som var fødd i 1912, men døydde i 1913. Dagfinn fortalde om livet i Oksebåsen frå den tida far hans vaks opp. Faren var fødd i 1914. På garden dyrka dei korn, poteter, gulrot og løk. Dei hadde også sauer og ei eller to kyr pluss høns. Dessutan fiska Sivert laks og hummar som han selde. Frå garden elles så selde dei løk og gulrot. Det dei dyrka vart brukt i hushaldet gjennom året, og dei hadde sjølvsagt mjølk, kjøt m.a. frå lam og egg og kjøt frå høns. På denne måten greidde dei seg godt, og dei var både humørfylte og gjestfrie å koma til. Særleg var bestemora nøye med at dei fekk mat – både når dei kom, og når dei gjekk.



Snart framme i Oksebåsen.

Der ingen kunne tru at nokon kunne bu

Men det var langt til m. a. butikk. All trafikk den gongen gjekk på sjøen, og slik var det også om dei skulle handla eller ha seg ein bytur. Då gjekk dei med eigen båt til Alvestadkroken

eller Føresvik. Det som kanskje var det tøffaste for ungane, var den lange og kronglete skulevegen dei hadde. Dei kunne gå over til Hognaland skule fleire stader. Til dømes via Hognåsen eller at dei gjekk om Vatnaland. Også andre stader kunne



Dagfinn Jørgensen fortel om reidskapane som ligg framme ved husveggen.

dei gå for å koma til skulen. Det som var felles, var at det var tungt å gå gjennom marka der det ikkje var laga veg. Om dei skulle gå på møter eller andre treff, var det også langt å gå gjennom marka, og særleg tungt om det var snø eller mørke.

Utan mat og drikke.....

Kona til Dagfinn – Nancy – koka kaffi, og historielaget hadde tatt med «litt åttåt» Då vart det mykje drøs og spørsmål som slekta frå Oksebåsen kunne svara på. Det var mange spørsmål til Dagfinn om livet på Oksebåsen. To av søstrene hans og eitt søskenbarn (Bjørn frå Våga) var også til stades og kunne supplera han. Bjørn las opp diktet «Det snur» som er skriva av forfattar og journalist **Jan Inge Sørbo** – som også er barnebarn av Berta og Sivert Jørgensen. Han er også professor ved Universitetet i Bergen og ved Distrikthøgskulen i Volda. Diktet er frå diktsamlinga «Babettes gjester».

Produkt frå Hervik Saft & Syltetøy

Jardar Havikbotn

Haustens 10. klasse ved Bokn skule vil ha stand på sommarmarknaden 12. juli, kor dei vil selja Hervik-saft og -syltetøy.

Der kan du få kjøpa to ulike pakkar. Den eine inneheld to saftflasker og fire syltetøyglas (bildet) og kostar kr. 210,- Den andre eska inneheld fire saftflasker og fem glas med syltetøy, pris kr. 320,-



Produkta i eskene er av ulike sortar frukt og bær, er utan konserveringsmidlar og skal halda aller høgaste kvalitet. Viss du ikkje er hekta på kvalitetsvarer av frukt og bær, kan du allerede i sommar sikra deg fine julegaver på sommarmarknaden. Holdbarhetsdatoen er eitt år.

Ved å kjøpa desse produkta støttar du klassen sin studietur.

DET SNUR

Fyrst snør det, men så snur det,

sa bestemor alltid,

ho likte ikkje snø, og trøysta seg på den måten

Eg tenkjer ofte på bestemor no, under jul

Halt og framoverlut, støtta seg tungt på staven

Lyste opp når ho fekk besøk,

Novembermørket fekk aldri tak i bestemor;

Du skal sjå at det snur snart, sa ho

Og greip godt i staven

Eg tenkjer ofte på bestemor

Når hausten går i unnabakke, når den eine

Natta nappa den andre i frakken, og soltimen listar seg forbi

Mens du skifter briller, det snur nok, sa ho bestemor

Når kreftene minkar saman med lyset,

Og det blir lekkasje i batteriene, du

Står opp om morgonen med ein følelse av å ha sove med lysa på;

Batteriet er flatt, og det er du sjølv også,

håret er flatt, verda derimot bratt

Bestemor øydela hofta ein sein kveld

Ho gjekk vill i marka; dei budde veglaust og det var månemørkt

Det fortalde ho oss alltid om, som eit gyldig bevis på Guds hjelp og nærvær,

For det snudde, etter at ho hadde mist stien, raust utfor berget,

Brekk eit bein eller ei hofte, ikkje såg nokon ting, då

Snudde det, ho fekk hjelp, det kom folk og fann henne

Dette trøysta ho seg til i sine siste dagar, på Rogaland Sjukehus,

Døden var ikkje noko å gru seg for, ho fekk hjelp, den gongen i marka

Ho visste det ville snu seg, denne gongen også

Det er vanskeleg å ikkje tru at ho går oppreist no,

Ein stad inne i lyset.

Det snur nok, ein morgon vaknar du

Og veit at det har snudd

Lyset er større og annleis, mørket er varmt og trygt

Tankane gjer ein høgare sving, stig som lerker om våren,

Som måkar i frisk vestavind, det snur nok

Dei ulesne bøkene plagar deg ikkje lenger,

Du tilgjev deg sjølv store delar av dine ugjorte gjerningar

Og det neste blir at du tilgjev andre også.

Fyrst snør det, men så snur det, sa bestemor,

Og var glad til. Så lenge det snur, er det håp.

Jan Inge Sørbo

GRATULERER!



Celine Steinsland - 4 år, 20. juni.

Vil gratulera den goa tantejentå mi med 4 års dag.

Tante Irene elske deg og e kjempemasse glad i deg!!!

Koser og klemmer fra tante Irene.



Albert Lindanger - 8 år, 28. juli.

Me vil gratulera fotballguten vår som fyller 8 år den 28. juli!

Bursdagsklemmar frå mamma, pappa og Hermine.

Streik

KS' medlemmer har gjennom uravstemning vedteke meklingsløysinga, det same har alle organisasjonane med unntak av Utdanningsforbundet, MFO, SL og Norsk Lektorlag.

Utdanningsforbundet har varsla plassfratredelse frå 1. juli. Om Bokn vert råka av streik, vil det koma informasjon om dette.

Ingunn Toft
Seksjonssjef kultur,
skule og barnehage

Serie

Eg seie meg så

Birger Lindanger

Me takkar for gode svar denne gongen òg. Sist fall det ut at Andor fekk tilbakeført to poeng sidan han påviste feil i redaksjonen. Han skulle då såleis hatt ni poeng. Ser me begge desse siste gongane under eitt, fekk både Dagsenteret og Andor like mange poeng.

Forklaringane:

- | | |
|----------------------------|--|
| 1. ein rissel | Bakereiskap, hjul med mønster til å dela utkjevla deig |
| 2. gaupen | Opp under mønet |
| 3. hemå | Omgangssjuka |
| 4. biller (ikkje insekt) | Sau, mykje nytta når ein kalla på dei |
| 5. hegjel | Bøyle av einer bruka til å stramma tauet kring høybøra |
| 6. ein fløy (ikkje om hus) | Flat pinne bruka når ein skulle steika lefse |
| 7. ein barkje | Den tjukke kanten av kniv/ljå motsett av egga eller spiserøyret på slakt |
| 8. fornøen | noko ein treng, har behov for |
| 9. ein bausing | ein tøffing/kraftig kar |
| 10. grottå (ikkje hole) | trelageret mellom kvernsteinen og kallen |

MÅNADENS UTTRYKK

1. ein kjedel
2. mera
3. å vera på gjodnå
4. å kria for
5. lann
6. ei lessing
7. å morka
8. møen
9. ein pryler
10. eit sø

**Forslag til forklaringar kan leverast
Bokn Bygdablad innan 1. august.**

Resultat:

Andor Borgenvik	10 poeng
Dagsenterdamene	9 poeng

Ein stor takk også denne gongen til Leif Vatnaland for gode bidrag. Mannfolka er nok flinkast med å koma med innspel, men me veit det finst boknauttrykk som særleg er vanleg mellom kvinnene. Kom med dei!



Bokn idrettslag informerer



Full fart i høye hæler!

Anette Våga

En noe uvanlig sportsbegivenhet

Å løpe på stiletthæler er ingen spøk. Morsomt blir imidlertid tidenes første stilettløp, som går av stabelen på **sommermarknaden på Bokn 12. juli kl 13.00.**

Annerledes og spennende

I flere byer har stilettløp allerede rukket å bli populært, og har vi en målsetting om at Bokn skal bli en by om noen år, er det viktig å lære boknerane gode byvaner, som å gå med stilettsko, allerede nå. Det er en egen kunst, og forberedelsene bør altså starte.....

Ikke bare for de tøffeste av de tøffe

Det handler litt om å lukte på det «urbane» liv her på «landet», og vi håper at deltakerne vil pynte seg under løpet, slik at det blir en viss sammenheng mellom sko og klesdrakt. Stiletterfaring er nok bra for deltakerne, men alle som vil kan

stille opp.

De som vil vinne bør imidlertid også ha ståltro på seg selv, god balanse og gode muskler!

Ikke diskriminerende

Gutter er selvsagt også hjertelig velkomne til å delta om de tar med seg et par sko! Muligens går det også an å låne seg et par....

Risikoidrett

Arrangementet kan bli en «turistattraksjon» og årlig happening. Bokn sitt idrettslag håper og tror at uhell unngås, men har to førstehjelpere klare i tilfelle noe skulle skje. Alle skal nødvendigvis ikke løpe samtidig, og det vil bli rullet ut rød løper til å springe på.

Flotte premier

Førstepremien er et gavekort på 5000 kroner, samt at det også skal kåres beste kostyme! Alle deltaker-



ne får dessuten champagnebrus og goodiebag.

Så oppfordringen er at alle, men spesielt til de som elsker sport i enhver form, tar på seg sine hæler på minimum 7,5 cm og spurter alt det de kan på de ca 50 m konkurransen krever. Tross faren for benbrudd, gnagsår og svette.....

Påmelding

Kroner 100 v/forhåndspåmelding, via post@boknil.no, kontonr 35206720369, innbetaling merkes med navn og stilet.

Kroner 150 v/start.

Utedans

- det er bare å glede seg!

Da er bandet til årets marknadsdans bestilt og valget falt på «Rosa & The Flatliners», som er et Karmøybasert band som spiller variert musikk i spennet fra 50-tallets rock'n'roll til nåtidens listepop.

Lørdag 12. juli kl 20.00 stiller de opp og lover fullt trøkk, så hold av datoen i kalenderen og møt opp. Arrangør av dansen dette året er fotballgruppa til Bokn Idrettslag, som allerede er i gang med å bygge kunstgrasbane ved Fyren og trenger din støtte!

Aldersgrense: 18 år



Om kun kort tid kommer disse på besøk: Rosa Helena på vokal, Rune Merkesvik på vokal og kassegitar, Leif Johan «Bassleif» Johanessen på bass, Cato «Køllå» Tjøsvoll på skinn og messing og Frode Fylkesnes på elgitar.

Fotball, jenter 10 år



FORNØGDE: fv. Sofie Øvrebø, Synne M. Jøsang, Karianne Våga, Alida V. Alvestad, Kelly Vatnaland, Marte Alvestad og Emile Bryningsland.

I år er det starta opp eit jentelag i fotball. Dei spelar i klassen «Jenter 10» og består av ti jenter frå 9 til 11 år. Treningar for dette laget er Anne Lisabeth Jøsang og Alf Åge Alvestad. Bjørnar Bryningsland er oppmann.

Denne våren har dei hatt kampar mot blant anna lag både frå Sveio og Hau-

gesund. I tillegg har dei vore på ein cup. Søndag 1. juni var laga frå Bokn på Kårstø-Cup og jentene møtte sterke motstandarar her. Alle hadde ein strålende dag med flott ver og mange spennande kampar. Dagen blei avslutta med ein fin pokal og alle var fornøgde med dagens innsats.

Me har nå hatt sommaravslutning, men startar opp med trening og kampar til hausten igjen. Etter ein kjekk start på fotballsesongen gler me oss nå til fortsettinga. Første trening for jentene etter ferien blir onsdag 20 august kl.18-19. Vel møtt.

Helsing trenarar og oppmann.

Tromsø Midnight Sun Marathon

Jardar Havikbotn

Lokale utøvarar forsynte seg av medaljefatet under Tromsø Midnight Sun Marathon 21. juni.

Janne Elin Vatnaland (Bokn), Nils Haktor Bua (Sveio) og Ann Kristin Mosbron (Kopervik) er i noregseliten av langdistanseløparar! Med i reisefølget var også pappa Trond Vatna-

land. Mosjonisten representerer dei som har vilje til å bygga seg opp frå botn til kjempeform. For 15 år sidan var han storrøykar og hadde null kondis. I dag er formen betre enn nokon gong!

NM-medaljar

Janne Elin Vatnaland har imponert i

fleire år nå, og sluttar ikkje med det. Ho fekk NM-sølv på maraton med tida 2.57.44. Frå tidlegare er ho norsk meister på halvmaraton, både i 2012 og 2013. Bak henne, på bronseplass, kom Ann Kristin Mosbron. Nils Haktor Bua sprang inn til ein flott bronse på halvmaraton for menn.

Starta laurdag, i mål søndag

Trond Vatnaland, som også er leiar av Bokn IL, var med i reisefølget til Tromsø. Han skryter av stemninga og løypa, som var laga slik at ein treffe andre løparar fleire gonger. - Møtene med kjende i løypa og livet rundt var nok avgjerande for at det blei fullføring, fortel han.

Trond meiner han starta for hardt og fekk pusteproblem pga. slim etter berre ei mil. Han vurderte å bryta etter 3 mil. Den siste mila blei veldig lang, men han er glad for at han kom seg i mål etter 4 timar og 24 minutt, 1,5 timar etter dottera. Då var klokka 00:54, og det var jo Midnight Sun Marathon...

- Etter å ha fått pusten tilbake er alt berre gode minner og eit lærerikt løp for min del, seier ein som har fullført sitt andre maraton.

Alle fire er medlemmar i Spirit, Stav-



Lokale utøvarar i Tromsø, fv. Trond Vatnaland, Janne Elin Vatnaland med Nils Haktor Bua bak og Ann Kristin Mosbron.

anger Friidrettsklubb. På heimesidene til Spirit har supertrenar Einar Søndeland lagt ut mange bilder og tekst frå hendinga i Tromsø.

Trond, som i tillegg til løping driv med sykling, er også medlem av Falkeid

idrettslag og sjølvsgatt Bokn idrettslag.

- Dette har å gjera med lisensar og tilgang til trenarkompetanse. Så lenge eg ikkje er aktiv utøvar og berre driv «mosjon» har det ingen betydning, avsluttar Trond Vatnaland.

Amerikansk fotball i skotet

Jardar Havikbotn

Kaj Raymond Mikkelsen frå Bokn spelar på Haugesund Hurricanes. Laurdag 28. juni var det finalespel i divisjonen dei er med i. HH spelte bronsefinale mot Drammen Warriors og vann 40-20.

19 åringen merkar godt den stigande interessa for sporten på Haugalandet, og berre det at dei fekk finalespelet til byen er ein siger for amerikansk fotball i Haugesund. Hurricanes er inne i sin første sesong, og laget har vunne fire kampar og berre tapt ein - det hjelper på populariteten. Oppmøtet på heimekampane deira er godt og laget har over 1000 fylgjarar på Facebook.

- Målet er å bli eit av dei beste laga i Noreg, slår han fast.

Tøff sport

Kaj Raymond har alltid hatt interesse for rugby og am. fotball. Når han såg at dei skulle starta lag i Haugesund måtte

Kaj Raymond Mikkelsen fekk møta ein tidlegare profesjonell spelar og amerikansk trenarlegende, Jim Christopherson.





Ordførar Kyrre Lindanger var med og kasta glans over slektstemnet i sjøhuset til Lars Magnus Alvestad St. Hans-aftan. Han heldt m.a. ein helsingstale under opninga av stemnet.

Fv. Jim Christopherson, Kaj Raymond Mikkelsen og Kyrre Lindanger.

han sjølv sagt prøva.

- Eg føler at eg får utnytta kroppsbyggingen min i am fotball, seier boknaren, som er 195 cm høg og veg 110 kilo.

I den tøffe sporten utset du konstant kroppen din for belastning, enten det er involvering i taklingar eller å spurt framover i banen for å ta imot ball.

Men ein treng ikkje vera stor og sterk for å spela slik fotball. Kaj Raymond fortel at dei treng spelartypar i ulike størrelsar og fasongar, til dei forskjellige posisjonane i am. fotball. Han oppfordrar alle interesserte til å prøva sporten.

Rugby og am. fotball

er ikkje det same. Eg blir fortalt at i rugby er dei 15 på banen, spelar med større ball og utan beskyttelse. Mål og baneoppsett er også annleis enn i am. fotball, som har 11 mann på banen.

Kaj Raymond spelar Right og Left Guard på Offensive-Line.

- Oppgåva mi er å beskytta Quarterback og eventuelle spelarar som skal springa forbi ved posisjonen min, fortel Kaj Raymond, som til hausten

skal få prøva seg for Lura Bulls U19 i Stavanger-området.

- Då får eg nok mulighet til å spela både i angrep og forsvar.

Møtte ein trenarlegende

På eit slektsstemne i Bokn 23. juni fekk elektrikarlærlingen møta ein tidlegare profesjonell spelar og amerikansk trenarlegende, Jim Christopherson (Far til Jim emigrerte frå Sæbø. Jim var m.a. trenar i over 30 år og er tatt inn i College Football Hall of Fame). Møtet var veldig stort for Kaj Raymond. Han har ein draum om å få spela am. fotball på college-nivå i USA, og tok det som ei ære då Jim Christopherson sa at han skulle ta kontakt med ulike trenarar og skular der borte.

- Han tende eit håp i meg då, seier ein som svært gjerne tar i mot ein skuleplass med am. fotball på timeplanen "over there".

Kaj Raymond syntest trenarlegenda var veldig inspirerende og lærte mykje om am. fotball-historie og korleis sporten i Europa blir oppfatta av dei. Han seier at han også lærte mykje nyttig om haldning til spelet.

Amerikansk fotball

går ut på å frakta ballen til motstandarlagets endzone. Det angripande laget har fire forsøk på å flytta ballen 10 yards framover på banen.

Ein deler inn i to hovudmåtar å spela på; enten å springa med ballen eller kasta ballen.

Quarterbacken er ballfordelar og kan enten gi ballen til ein Runningback som løper med ballen, kasta ballen til ein Wide Receiver eller behalda ballen sjølv. Dette har det angripande laget bestemt på førehand i sin playbook som inneheld taktikk med ulike spill. Det forsvarande laget har tilsvarande playbook for sine måtar å stoppa det angripande laget.

Både offence og defence består av spesialiserte spillere til alle oppgåver på banen:

Angrep:

Quarterback, runningback, wide receiver, tight-end, o-line

Forsvar:

Linebackers, defencieve backs, d-line, corner backs

Poeng:

Touchdown – 6 poeng

Field goal – 3 poeng

Bokn Bygdablad gratulerer med bronse i debut-sesongen med Haugesund Hurricanes og ynskjer lukke til vidare med am. fotball.



Nå bygges fremtidens fibernett til alle som bor på Bokn!

Det er for tiden stor aktivitet med oppkobling av nye Altibox-kunder, og vi takker alle som har bestilt. Vi lover at du blir fornøyd med markedets beste produkt. Vi skal få deg på !

Til deg som ennå ikke har bestilt, nå er tiden inne for å gjøre nettopp dette. Mens vår underleverandør Apply er på Bokn og jobber, kan vi nå levere med kort leveringstid.

Til høsten vil utbyggingen være ferdigstilt, og vår underleverandør drar videre på nye jobber. Etter dette kan leveringstiden bli en del lengre.

Fremtidens teknologi er nå på plass på Bokn - skal du være med ?



Altibox har Norges mest fornøyde TV- og bredbåndskunder - fjerde året på rad, og Norges beste kundeservice!

ALTIBOX LEVERES AV



Bestill på www.haugnett.no eller ring vårt kundesenter på **05 270**

100% fiber. Alltid.



Bokn, juni 2014

NÅ KAN DU FÅ FIBERBASERT BREIBAND I BOKN!

Bokn kommune har inngått avtale med Haugaland Kraft/Altibox om utbygging av fiberbasert breiband i Bokn. Dette er en unik avtale som inneber at alle husstandar, verksemder og fritidsbustader i Bokn får tilbod om fiber. Arbeidet med utbygginga av fiber har pågått i eitt år og mange har allerede teikna abonnement og fått fiber lagt inn i huset. Dette er eit framtidretta og positivt prosjekt for boknsamfunnet, og ein naturleg del av ein moderne infrastruktur.

Eg vil oppmoda din husstand/verksemd om å gripa moglegheita, nå som montørar, maskinar og utstyr er på plass i bygda, til å teikne abonnement og med det bidra til at Bokn kan bli ein av dei fyrste kommunane i landet som får 100% breibandsdekning!

Bestill på www.haugnett.no

God sommar


Kyrre Lindanger
Ordfører
Bokn kommune

Telefon:
52 75 25 00


Dir. innvalg:
52 75 25 03
91 67 17 26

E-mail:
kyrre.lindanger@bokn.kommune.no

Postadresse:
5561 Bokn

Telefax:
52 75 25 15

Utbygging Bokn



**GRØNNE
OMRÅDER:
KLART FØR
SOMMEREN**

**RØDT
OMRÅDE: KLART
OKTOBER/
NOVEMBER**

**GULT
OMRÅDE: KLART
SEPTEMBER/
OKTOBER**

ALTIBOX LEVERES AV



Bestill på www.haugnett.no
eller ring vårt kundesenter på **05 270**

100% fiber. Alltid.



Nye leikeapparat på skulen

Jardar Havikbotn

Etter innspel frå FAU (Foreldrerådets arbeidsutval) har skulen, i samråd med elevane og kontaktlærarane i barneskulen, valt å gå til innkjøp av ulike leikeapparat til leikeplassen aust for skulen. Det er forventa at desse skal stå klare til hausten.

Seksjonssjef for kultur, skule og barnehage, Ingunn Toft, seier til Bokn Bygdablad at ho håpar apparata vil bli nytta mykje, både i skuletid og fritid.



Apparata er karusell, vippekløver og svingstang. Gled dykk!



Opplæring i norsk og samfunns-kunnskap for vaksne innvandrerar hausten 2014

Interessert??

Vennligst send en email til jarle.nilsen@bokn.kommune.no

Eller brev til:

Bokn Vaksenopplæring

Føresvik

5561 Bokn

For meir informasjon ta gjerne kontakt med rektor for vaksenopplæringa i bokn Jarle Nilsen, Tlf. 52 75 25 00. Han er tilbake frå ferie 23. juli.

Classes in Norwegian and social studies for adult immigrants, autumn 2014

Interested??

Please send an email to jarle.nilsen@bokn.kommune.no

Or a letter to:

Bokn Vaksenopplæring

Føresvik

5561 Bokn

For more information don't hesitate to contact the principal of the Bokn Adult Education Centre, Jarle Nilsen, phone 52 75 25 00. He is back from holiday the 23rd of July.

NB! Ordinær skulestart for borna ved Bokn skule er onsdag 13. august kl. 08:20.



Sommarope bygdemuseum


Bokn bygdemuseum har i sommar ope kvar sundag kl. 13-16 frå 29. juni t.o.m. 10. august.

Bokn historielag
Bokn kommune



Trovåg
Elektro

Gammelt sikringskap?



KONTAKT OSS:
52 77 63 39
post@trovag.no

Lørdag 14. juni hadde vi samling med 1949 og 1950 modeller på Bokn Røde Kors-huset på Hognaland. Det var en minnerik og koselig kveld. Takker alle som kom og lagde slik en koselig kveld.

Mvh Oddbjørg B. Øye

PLAN OG BYGGESAKSKONSULENT

Firmaet har allsidig kompetanse fra offentlig virksomhet og god kjennskap til planprosesser mot offentlig forvaltning.

Vi kan være behjelpelig med :

- Utarbeiding av reguleringsplaner m/tilhørende prosesser
- ROS-analyser og konsekvensutredninger
- Delingssøknader.
- Søknad om planendringer og dispensasjoner.
- Klage
- Ansvarlig søker funksjonen i tiltalks klasse 1
- Kontakt mot offentlig forvaltning i alle typer plansaker.

Plan og byggesakskonsulent

Fyrvegen 17,5561 Bokn

V/daglig leder Hans Faye

Tlf 98221505



Fyren, Bokn - bu ved havet!

Kommunale tomter kjem for sal, meld di interesse!

Kontakt servicetorget i Bokn kommune, tlf. 52 75 25 00 eller post@bokn.kommune.no



KJEKT PÅ BOKN

coop
marked

STORT
SOMMARMARKED
PÅ KAIEN I FØRESVIK

coop
marked

Lørdag 12. juli fra kl. 11.00 - 15.00

Kafe • Salgsboder • Helikopterflyging
Eliasbåten • Loppemarked • Gamle motorer m.m.
Stiletthælløp • Trailoppvisning • Båtutstilling

Om kvelden blir det
BRYGGEDANS
Ved Rosa and The Flatliners



Velkommen til en hyggelig dag på

Bokn!

Elias kommer!
Kommer du?



coop
marked
9-18 (16)

KFL bil og utleige

Utleige av stillas frå	500 kr. pr.v.
Utvendig lakkrens av bil	frå 2.500 kr.
Innvendig reingjering	frå 500 kr.
Skinngleie	frå 500 kr.
Desinfisering av klimaanl.	500 kr.

Utleige av minigravar 2500 kg

Pris døgn	1.000 kr. + mva
Pris veke	5.000 kr. + mva
Pris pusseskuffe	150 kr. + mva
3.500 hengar, døgn	400 kr. + mva

Kjell Frode 907 83 797
John Magne 909 24 964
 Epost: kjellfrode75@hotmail.com

NEDREBØ MASKIN & TRANSPORT

- Salg og leveranse av singel og veigrus
- Skaffer også andre steinprodukter ved forespørsel
- Opplasting og bortkjøring av løsmasser

Telefon: 94 98 63 64

Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

John Magne Lie
 909 24 964
Kjell Frode Lie
 907 83 797

Bokn hjelper Ukraina

Me har flytta. Nå skal me halda til på hjørnet til Coop Marked Bokn.



Kjem tilbake til opningstider - følg med!

Helsing
 Elisabet & Annette

Bokn Bygdablad

www.bygdabladet.no - post@bygdabladet.no

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 404,- pr. år, 578,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skule-elevar og studentar.

Redaktør: Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
 E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

Medarbeidarar: Annette Bokneberg/Gro Sørensen

Bygdabladnemnd

Elisabet Taraldlien
 Kjetil Hamre
 Hanne Marte Vatnaland

Gjeldande annonseprisar

Heilside	kr. 2.000,-
Halvside	kr. 1.000,-
Kvartside	kr. 500,-
1/8 side	kr. 250,-
Privatann.	kr. 100,-
Nettannonse	kr. 100,-
Fastannonse	etter avtale

Foto, omslag:
 Stephan Haram



Møteplanar, kommunale styre og utval

Bokn kommunestyre

07.10	kl. 19.00	(Boknatun, 2. etasje)
16.12	kl. 19.00	(Boknatun, 2. etasje)

Bokn formannskap

09.09/19. og 20.11		
Budsjettkonf.	kl. 17.00	(Boknatun, 1. etasje)
02.12	kl. 17.00	(Boknatun, 1. etasje)

Bokn forvaltningsstyre

27.08	kl. 19.00	(Boknatun, 1. etasje)
22.10	kl. 19.00	(Boknatun, 1. etasje)
03.12	kl. 19.00	(Boknatun, 1. etasje)

Bokn kontrollutval

04.09	kl. 18.00	(Boknatun, 2. etasje)
13.11	kl. 18.00	(Boknatun, 2. etasje)



KROVÅGEN HESTESENTER

Austre Bokn – tlf. 91120801/95114786 - kachris@online.no

Nye ridekurs og ponnykurs for de minste starter første uka i september.
 Tilrettelagt ridetilbud (handicapridning) og Inn på tunet-aktiviteter er igang igjen fra 18. august.



For informasjon og påmelding, se nettstedet

www.kro-hest.no,
 kontakt Kari på 91120801 - kachris@online.no.
 Krovågen hestesenter treffer du også på Facebook :-)

God sommer til gamle og nye hestevenner!



Velkommen til Hårsmia. Åpent alle hverdager. Fleksibel lørdager. For de som ønsker følger massasje eller sminke med behandlingen.

Ferie fra mandag 7. juli til lørdag 12. aug.

En god sommer til alle ønskes fra Mona på Hårsmia.



Frisørrommet på Boknatun

- i sentrum av Bokn -

Åpningstider:
tirsdag-fredag

Oddetallsuker:
kl. 09-16
Partallsuker:
fleksible
åpningstider

GOLDWELL
GOLDEN TO STYLE. SLEEP TO HAIR

Ferie
Uke 26 - 27 - 28

Ha en
strålende
sommer!

Hilsen fra
Anita

99 32 55 34
52 74 85 34

GOLDWELL
GOLDEN TO STYLE. SLEEP TO HAIR

DAGSETERET

Ope kvar tysdag kl. 10.00 - 14.00
Trenng du skyss, blir du henta på døra.

Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.

Påmelding på tlf. 93 09 39 98

Mariann Skjelde - aktivtør



NAV BOKN

Kontortid kl. 9.00 - 14.30

Telefontid kl. 8.00 - 15.30

Kundesenteret: tlf. 55 55 33 33

Bengt Krystad - leiar

SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30- 15.00

Me kan t.d. hjelpa deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler, eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte - Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspennå, krus, m.m.
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 - 52 75 25 11

E-post: post@bokn.kommune.no

BOKN TANNKLINIKK

Kontortid tysdagar kl. 08.30 - 15.10
Tlf. 52 75 25 80

Timebestilling kan også gjerast via Tysvær tannklinikk, tlf. 52 75 45 20

Tannlege Ingjerd Hope Myklebust

LANDBRUKSKONTORET

Det er slutt på kontordag på Boknatun.

Du kan kontakta landbrukskontoret på Tysvær rådhus i Aksdal.

Bjørn Bruaset: 52 75 71 75
Emilie Moi Eikje: 52 75 77 69

BOKN FOTTERAPI

Heimelokale, Øyren 16

Timebestilling tlf. 99 70 74 28

Rita Bokneberg - fotterapeut

BOKN LEGEKONTOR

Kvar tysdag og fredag samt onsdagar i partallsveker.
Opningstider 08 - 15.30.
Telefontider 08-11 og 13-14.
Telefon 52 75 25 40.

Ved behov for øyeblikkeleg hjelp, ring Bokn Legevakt 52 74 85 22 (heile døgnet).

Ved livstruande tilstand, ring 113.

Timebestilling på internett eller SMS, sjå www.bokn.no for meir info.

Jan Schille - lege

PSYKISK HELSETENESTE

Kontortid mellom kl. 08.00 - 14.00 alle dagar, torsdag ope til kl 15.30.

Direktenr.: 52 75 25 36

Mobilnummer: 40 41 05 70

(me er lettast å få tak i på mobil)

EP: grethe.e.heimvik@bokn.kommune.no
miriam.berland@bokn.kommune.no

HELSESØSTER

Helsestasjonen er open måndagar, tysdagar og onsdagar kl. 08.00 -15.30
Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil 93 85 14 09

Henriette S. Lindanger - helsesøster

JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet måndag i oddetallsveker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40 41 12 61

Timebestilling: Ta kontakt med Bodil på mobil 40 41 12 61

Bodil Ljones Auestad - jordmor

BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag kvar veke

Tysdag - onsdag - torsdag kvar tredje veke
- tlf. 52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

Geir Austvik - fysioterapeut

Annonsér i
Bokn Bygdablad

Ebøker til Bokn bibliotek

1. juli vil 430 000 innbyggere i Rogaland få mulighet til å låne ebøker. Biblioteket i Bokn gleder seg til å ta i bruk nyheten.

Bibliotekene i Rogaland møter de digitale endringene på offensivt vis. Interessen for ebøker er stadig økende i Norge, og bibliotekene er en viktig arena for både formidling av litteraturen og opplæring i digitale hjelpemidler.

- Dette blir det største løftet for folkebibliotekene i Rogaland noensinne, sier fylkesbiblioteksjef Vidar Lund.

Hele fylket

I Rogaland var Sølvberget, Stavanger bibliotek først ute med tilbudet, og etter starten i mars 2013 har det blitt registrert over 10 000 ebok-utlån. Nå får hele fylket nyte godt av tilbudet.

- Papirbøker og ebøker kommer til å leve side om side i mange år framover, men det er viktig for bibliotekene å være i forkant for å sikre et best mulig tilbud til befolkningen i de ulike kommunene. Ebokbib er en løsning som publikum har tatt godt imot, sier Lund.

Lanseringsdato

Rogaland fylkeskommune tilbyr alle folkebibliotek og bibliotek i videregående skole i Rogaland muligheten til å være med i et regionalt samarbeid om utlån av e-bøker til alle innbyggere i Rogaland. Lanseringsdatoen var 1. juli. Fylkeskommune dekker innkjøp av systemet og drift ut 2015. Det enkelte bibliotek bidrar med midler til innkjøp av e-bøker.

Kontakt

For mer informasjon om ebok-løsningen, kontakt:

- Linda Ognøy, biblioteksjef i Bokn kommune Tlf: 91168782

- Vidar Lund, fylkesbiblioteksjef. Tlf: 40211624

Ebok-utlån på 1-2-3:

1. Sørg for at du har nasjonalt lånekort. (Et nasjonalt lånekort starter med bokstaven N) Nytt eller oppgr-



Ebok-app'en

dert lånekort får du i skranken på biblioteket ditt.

2. Last ned appen eBokBib på nettbrettet ditt. Appen finnes både på iOS og for Android.

3. Logg inn med lånernummer og pin-koden din. Lån bøker!

Nyttig informasjon:

Sølvbergets guide til ebøker: sølvberget.no/ebok

eBokBibs nettsider: ebokbib.no